



## Notat

**Dato**

LEIKANGER, 08.11.2018

**Til:** Fylkesutvalet, møte 21. november 2018

**Frå:** Fylkesrådmannen

### **Fylkesordføraren sin rådgjevar**

I sak 40/16 gjorde fylkestinget slikt vedtak:

1. Fylkesordføraren sin rådgjevar skal tilsetjast i ei administrativ stilling.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen gjennomføre drøftingar med tillitsvalde før stillinga vert utlyst.
3. Den ordninga som no vert etablert skal evaluerast ved utgangen av fylkestingsperioden.

Det er no ca. eitt år att av fylkestingsperioden. Fylkesordføraren sin neverande rådgjevar har vore i ei 100 prosent stillinga i underkant av to år. Både fylkesordføraren og fylkesrådmannen si vurdering er at ordninga har fungert godt.

Fylkesordføraren sin rådgjevar ønskjer nye arbeidsoppgåver og ansvarsområde når Vestland fylkeskommune vert etablert i 2020, sidan nemnde stilling overlappar med den tilsvarende stillinga i Hordaland fylkeskommune, og sidan fylkesordføraren i Vestland får arbeidsstad i Bergen, jf. intensjonsplanen pkt. 3.5.

I samråd med fylkesordføraren og rådgjevaren hennar legg fylkesrådmannen difor opp til ei gradvis nedtrapping av rådgjevaren sine oppgåver for fylkesordføraren. Vi er samde om at inntil 40 prosent av rådgjevaren si stilling det komande året (2019) skal kunne nyttast til oppgåver innan beredskap og innan næringssektoren. Den resterande delen av stillinga skal nyttast til oppgåver for fylkesordføraren, så lenge fylkesordføraren har behov for det. Ved ei ev. prioritering mellom desse to hovedfeltet vil fylkesordføraren sine behov få fortrinn.

Dei plassstillitsvalde i sentraladministrasjonen er informert om ovannemnde og har ikkje hatt merknader.

### **Dette til orientering for fylkesutvalet.**